
STRANDEBARM


VIKØY


NORHEIMSUND


ØYSTESE


ÅLVIK

KYRKJEBLAD

FOR KVAM

NR. 4 • DESEMBER 2026
87. ÅRGANG



Nytt flygel godt på veg
Side 4

Skal me vera vener?
Side 8

Nytt gravferdsbyrå
Side 11

Julekonsertar 2026
Siste side

FRAMSIDA



Norheimsund kyrkje i vinterskrud.
Foto: I.K. Tordal



LEIAR

Olav Skeie Lid
Redaktør



Ein god dag i livet!

Eit landsens kyrkjeblad skal ikkje stella med storpolitikk – men nett i dag må me ha lov til å gle oss over at valresultatet i USA vart som det vart.

Sjølv om president Trump hevda at dersom hans namn hadde funnest på valsetelen, så ville han vunne eit brakval, - så ville folket det annleis. Eit stort fleirtal i USA vill ikkje ha meir Trump-politikk, og har gjeve klar melding om det. Inn i dette resultatet kan ein sikkert lesa mange ting, og her strekk ikkje mannevitet frå Skeie heilt til.

Men ein ting må me ha lov å gle oss over: det ser ut som om folk er lei trumpismen, den openberre egoismen sett i system, den hemningslause flørtinga med sterke krefter langt, langt ute på høgresida, og lygn og usanning frå ende til annan kvar gong presidenten ona munnen. Legg så til at det har vore fritt fram for han å rakka ned på meiningsmotstandarar på uslaste vis, ofte med lygn og usanning her også. Eg har ei slags von om at dagens valresultat også avspeglar eit ynskje å få folkeskikken og respekten attende i politikken, - det hadde USA fortent.

Så midt i ei verd av skræmande dimensjonar, der førebuing til krig brått er vorten kvardagstale, og der beredskapstanken er på full fart inn i våre sinn, så gjer det godt med ein dag der ein kan dra pusten og kjenna at kanskje er det det von for demokratiet likevel? Kanskje finst det framleis så mange krefter der ute som vil ha respekt, rettferdig fordeling og framfor alt sanning attende frå dei styrande, i staden for intoleranse, grafsande egoisme og lygn.

Og kanskje skal me våga lyfta blikket og lata gleda femna oss også når me ser til andre land? Dei antidemokratiske kreftene har lide nederlag i Ungarn, Brasil og USA på kort tid. Det må det vera lov til gle seg over, uansett kva politisk ståstad ein har.

«Kva er sanning?» spurde Pilatus for 2000 år sidan. Sanning vert nok aldri heilt objektiv – og skal heller ikkje vera det. Debatt og ulikt syn på kva som er rett og riktig høyrer demokratiet til. Men dersom dagens politiske retningsendring i USA kan føra til at ein meir kan lita på det som kjem av uttalelsar frå dei som er sett til å styra oss, så er me på god veg. Dagens multikulturelle mediaflimmer vil vel aldri gje oss attende den tida då me heilt og fast trudde det som stod i avisa – men lat oss i alle fall sloss for at sanning og rettferd igjen kan verta verdiar som me trur på.

Med ynskje om ei god og fredeleg jul!

KYRKJEBLAD
FOR KVAM

Utgjevar:
Vikøy, Øystese, Ålvik og Strandebarm sokneråd
Ansvarleg redaktør:
Olav Skeie Lid, epost: OL485@kyrkja.no
Grafisk produksjon:
Inger Karin Tordal
Trykk:
Kai Hansen Trykkeri
Miljømerket trykksak
Kontingent:
Friviljug / kr. 400,-
Bankkontonummer:
3530 07 06922 for kontingentar og gåver
Vipps #584927
Annonsar:
Kontakt redaksjonen
Opplag:
4100 pr. nummer. Fire nummer i året.
Tips til stoff:
Send til ol485@kyrkja.no

DEN NORSKE KYRKJA
Kvam kyrkjelege fellesråd

Telefon:
414 00 035 / 474 83 120
E-post:
post.kvam@kyrkja.no

Vitjingsadresse:
Kvam kyrkjekontor, Norheimsund kyrkje, Kyrkjevegen 40, 5600 Norheimsund

Postadresse:
Postboks 39, 5601 NORHEIMSUND

På nettsida vår finn du alltid oppdatert informasjon: www.kyrkja.no/Kvam
Den norske kyrkja i Kvam

Organisasjonsnummer
Kvam kyrkjelege fellesråd:
976 995 082
Kyrkjeverja i Kvam:
Olav Skeie Lid, tlf 41400035,
epost: ol485@kyrkja.no

Soknepresten i Strandebarm og Vikøy:
Vetle Karlsen Eide,
epost: vk267@kyrkja.no
tlf. 400 35 356
Prestevikar i Øystese og Ålvik:
Norunn Rød Markhus
epost: nm727@kyrkja.no
tlf: 916 37 713
Kvam kyrkjelege fellesråd:
Leiar: Kjell Dysvik
kjell.dysvik21@gmail.com
Rådsleiarar Strandebarm sokn:
Margunn Mikkelsen Tordal
mmtordal@gmail.com
Vikøy sokn:
Astrid Helleve Fylkesnes
a.h.fylkesnes@gmail.com
Øystese sokn:
Kjell Dysvik,
kjell.dysvik21@gmail.com
Ålvik sokn:
Ida Lindøe
idalind@online.no

ANDAKT

Når livet ikke ble som ventet

Vetle Karlsen Eide
Sokneprest



Mange mennesker går rundt og planlegger nøye hvordan livet skal bli.

De planlegger de små tingene: hva de skal ha til middag, lunch og frokost. De planlegger hvordan uken skal se ut og hvor neste ferie skal gå. De planlegger de store tingene: hvilken jobb de skal ha i årene som kommer, hvem de skal gifte seg med, hvilket hus de skal kjøpe. De er planleggere, og de kan virke som om de er godt forberedt på alt som skal skje i framtiden.

Andre mennesker tar det litt mer som det kommer. Det som skjer, skjer når det skjer, og slik er det bare. Det er liksom så lite en kan gjøre fra eller til. De er ikke planleggere, og de kan virke litt uforberedt på det som dukker opp i livene deres, og det som skal skje i framtiden.

Jeg har lurt litt på hvor Maria, Jesu mor, var i dette landskapet. Den unge jenta som en dag fikk besøk av en engel som fortalte at hun skulle bli mor til verdens frelser, og som sa til henne: «Den hellige ånd skal komme over deg, og Den høyestes kraft skal overskygge deg. Derfor skal barnet som blir født, være hellig og kalles Guds Sønn.» (Luk. 1:35)
Fra en dag til en annen ble livet hennes forandret. Hun som, etter all sannsynlighet, hadde sett for seg et stille og rolig liv med mannen Josef og barna de skulle få. Josef, som var snekker, skulle bygge et hus til dem og her skulle hverdagen leves og minner skapes.

Barna skulle ta til seg kunnskap om livet og praktisk arbeid.
De skulle besøke slekt og venner i helger og høytider, og de skulle sørge når nære og kjære døde. De skulle ta ut på små turer for å med seg naturen i full blomst om våren, de ville prøve å kjøle seg ned når den verste sommerheten la seg som et teppe over landet, og de skulle beskytte seg mot kalde dager og netter når høst og vinter kom. De skulle glede seg over et godt måltid mat, og glede seg over barna når de la seg til å sove trygt om kvelden.

Men alt det hun hadde drømt om og sett for seg ble med ett kastet om på da hun fikk besøk av engelen. Engelen som fortalte henne at hun var blitt utpekt av Gud selv til å bære fram han som skulle bli verdens frelser. Han som skulle vise oss veien til Gud: «(…) og hun fødte sin sønn, den førstefødte. Hun svøpte ham og la ham i en krybbe, for det var ikke husrom for dem.» (Luk. 2:7)
Hun tok imot oppdraget hun fikk og ble med dette et sterkt eksempel på etterfølgelse og troskap for alle oss andre.

Hvordan ville vi reagert om en engel, eller Gud selv, kom til å oss og ga oss en stor oppgave – så stor at vi ikke kunne ane rekkevidden av den – verken på godt eller vondt? Vi som prøver så godt vi kan å få livene våre til å henge sammen og til å skape en meningsfull framtid for oss selv og dem vi har rundt oss – for flokken vår.

Kanskje vi denne julen kan sette oss ned og reflektere litt over dette: hvordan kan vi i våre liv hente inspirasjon fra Maria som fikk besøk av engelen. Hun som helt uforberedt tok imot engelen og oppfylte det oppdraget han ga henne. Hun som gjennom sitt liv viste oss et eksempel på hvordan en kan leve som en etterfølger av Gud, som en etterfølger av Jesus Kristus?

Hvordan kan vi i våre liv stille oss til disposisjon for Gud, og ta imot de utfordringene vi møter – enten i møte med Gud eller livet selv - og så ha tillitt til at Gud selv vil kunne komme til å overraske oss, gå med oss og ta oss til steder vi ikke forventet å gå?

Hvordan vil det være for oss?

Det spirer og gror!



Chloe Morondo Østborg ved orgelet. Foto: S. A. Øvrehus

Sevi har skjønt det: dersom det skal koma nye organistar i framtida, så må me byrja læra dei opp i ung alder.

Ikkje mindre enn 3 elevar har Sevi denne hausten: Deilia Heimark Vikane, Havstein Øvrevik og Chloe Morondo Østborg.

Kvar veke møtest dei i Øystese kyrkje, der ein terrassevarmar gjer nytte som god varmekjelde i ei elles kald kyrkje. Nitid og grundig får dei innføring i pedalbruk, orgelet sin verkemåte og historie – og litt etter litt får Sevi lirka inn kunnskap som dei unge kan få bruk for - kanskje i ei framtidig karriere som kyrkjemusikar?

Det er lov å håpa. Lukke til, alle saman!

Nytt flygel til Norheimsund kyrkje – korleis ligg me an?

«…men det munar då jamt, ja det munar, så det stundom er hugnad å sjå!»

Ivar Aasen sin gamle song kan med fordel hentast fram, når ein skal dukka ned i den felles kontoen til Hardingtonar og kyrkja.

For sjå berre kva som har skjedd sidan sist:

- 22 tangentar er selde, til saman 66 000,- så langt.
- Kr 40 000 er kome inn på kollekt og andre gåver
- Hardangerstiftinga har gjeve oss eit nytt tilskot på kr 50 000,-

I sum vil det seia at i skrivande stund har me omlag kr 400 000 på konto, i tillegg til bruktverdien av flygelet. Det er til å fryda seg over!

Så er det slik at det er enno eit stykke veg å gå. Det er mange ledige tangentar på flygelet som ventar på ein kjøpar. Skulle du ynskja å vera med på spleiselaget; gå inn på hardingtonar.no, og klikk deg fram til du finn fana «Flygelinnsamling». Der går det fram korleis du gjer det, om du har lyst på ein tangent eller to. Hjartans takk til alle som bidreg!

Det er framleis slik at Hardingtonar og kyrkja ikkje heilt har landa på kva løysing ein går for. Anten vert det eit fint brukt flygel, eller eit nytt – eller så brukar me pengane på å restaurera den stilige Steinway-en me har. Det er litt som å kjøpa ny eller brukt bil – kva skal ein velja?

Men målet vårt er framleis det same: eit oppgradert og framtidsretta instrument til Hardingtonar 2027.



Kantorane Sevi og Ulf spelar tohendig under "Flygeltonar" - konserten til inntekt for nytt flygel. Foto: O.S. Lid



Til venstre ser du kor mange tangentar som er selde fram til kyrkjebladet gjekk i trykken. Ved å scanna QR-koden ovanfor, kjem du inn på sida til Hardingtonar og kan bidra til innsamlinga!

Ynskje om å skapa vart for sterkt

Hårlaus og snau, med sitt evig godmodige og underfundige arendalske smil på leppene. U2 på full guffe når han er ute og køyrer bil. Ein mann som snakkar ungdommen sitt språk, som elskar lunch-quiz, Sørlandet, og har ein latter som smell i kyrkjeveggene i Norheimsund kyrkje.

Vetle har vore prest for Vikøy og Strandebarm i 4 år – men no vender han attende dit han kom frå: Bjørgvin bispedømekontor vert arbeidsplassen hans frå nyttår.
Kyrkjebladet sin utsende hukar tak i Vetle på veg ut i bilen sin, på veg til ein av sine tallause avtalar.
- Kva drog deg i si tid til Kvam, Vetle?
- Du veit, det står ofte kvinner bak. Vetle stryk seg over den polerte skallen, og smiler lurt. - Brynhild er herfrå, og me ville gjerne busetja oss her i hennar heimbygd. Slik vart det - og slik fekk eg soknepresten-stillinga her.
- Vart det slik du trudde, å koma til Kvam?
- Vetle vert stille ei lang stund. - Nei, eg hadde jo tenkt eg skulle vere prest i Vikøy og Strandebarm i mange år. Men livet tar nokon gonger uventa vendingar. Denne gongen vart det slik at eg på nytt var ønska av Bjørgvin bispedøme til å gå inn i stillinga som diakonirådgjevar, min gamle jobb, og då vart det slik.

- Har det vore utfordrande å måtta forhalda seg til to ulike sokn?
- Nei. Svaret er kontant og kjapt. – Vikøy sokn og Strandebarm sokn er to ulike storleikar, på alle vis. Men dei utfyller kvarandre, og har kvar sin kultur og tradisjon, kvar sin historie. Eg har sett stor pris på å få vera soknepresten i begge bygdene.

Det eg kanskje har sakna mest i denne stillinga er mangelen på tid til å la kreativiteten få rom, utan å vere styrt av rammer som er lagt på meg av andre instansar. Det er mange lovpålagte oppgåver som følger stillinga, og det gjer at det for meg ble vanskeleg å finna tid til å gjere dei oppgåvene som ligg meg på hjarte, oppgåver som veks ut av dei behova som er i Kvam. Men, seier Vetle: - Eg har sett pris på å få vere soknepresten for små og store, og så har me i Kvam ein raus og velfungerande stab, med tilsette frå ulike kulturar og miljø. Dette mangfaldet har eg sett svært høgt, og eg kjem til å sakna det stort. Det har vore ei stor gleda å få lov til å samarbeida med



alle. Eg dreg frå denne arbeidsplassen full av gode minner og relasjonar.

- Og så har du jo tenkt å halda fram å bu i Kvam, eller?
- Vetle nikkar. - Det vert slik. Me har endeleg fått orden på eit hus som sårt hadde trong for litt omtanke. No ser me fram til rolegare dagar her med ein nydeleg utsikt over Hardanger.

- Og tusenkronersspørsmålet er sjølvsagt: kvifor dreg du?
- Vetle ser ut glaset, og tenkjer. - Du veit det, kjem det omsider, - at mange av dei store val ein må ta i livet, dei kjem etter å ha grubla seg fram til dei. Eg treng ikkje fortelja alt, men det er sider ved denne stillinga som har opplevd krevjande. Når no mi gamle stilling i Bergen vart ledig, og eg vart ønska der, då måtte eg gå nokre rundar med meg sjølv. Og svaret eg fekk frå mitt indre, var at ja, dette vil eg attende til.

For du veit, mitt ynskje har vore å skape ein stad der menneske finn ein plass i fellesskapet i kyrkja, ikkje berre på søndagen, men og elles i veka. Eg trur på ei kyrkje som kan skape møteplassar på tvers av funksjonsevne, alder, kjønn, legning, livssituasjon og kulturell bakgrunn. Eg trur på ei fargerik og mangfaldig kyrkje - på alle måtar. Kanskje eg har vore for utålmodig, kanskje eg ikkje har klart å nytta dei høve som har kome til meg?

Eg veit ikkje, men eg oppdaga at eg sakna å få lov til arbeida med det som ligg hjarta mitt nærast; å la dei tusen blomster blomstra.
- Sjølv om du må pendla?
- Jepp. Vetle er trygg i si sak. Eg ser jo at pendling kan bli slitsamt, men samstundes er det jo mange som lever slik. Og så kan eg jo høyra på U2 medan eg halvsøv på bussen.


- Kva ynskjer du at me skal hugsa Vetle Karlsen Eide for?
- Vetle må tenkja litt. - Dersom eg har vore med på å høvla ned terskelen til Guds hus, og gjort at fleire kan kjenna at det er godt å stiga inn i kyrkja, ja, så er eg glad for det. Og dersom eg i tillegg har klart å vera med på å gjera kyrkja til sin stad der livet sjølv høyrer naturleg med, med alt det vi ber på av sår, sakn, tru og tvil, glede og liv, ja, så gled eg meg over det også!

- Men du vert jo ikkje heilt borte?
- Neineinei. Eg vert ein del av kyrkjelyden også i framtida, sjølv om eg ikkje lenger har kontor i Norheimsund kyrkje. Eg veit forresten at eg kjem til å sakna staben og arbeidskollegaene i kyrkja svært – men kanskje kjem eg mest av alt til å sakne arbeidet med Kyrkjeklubben. Denne gjengen er ei gåve å få vere med ein gong i månaden. Eg unner alle å få oppleve dette fellesskapet.

- Men no lyt eg dra! Vetle kastar seg i sin velbrukte Golf, og lyden av den tunge bassen i U2 sin «With or without you» dunkar ut over parkeringsplassen.

Kyrkjespiret i Ålvik – kvar vert det av?

Det er noko som manglar på Ålvik kyrkje. Litt stussleg og ribba står ho der, ikkje så potent og høgreist som ho pleier. Spiret på tårnet er borte. Og bekymra ålvikararar kontaktar kyrkjeverja og spør: kjem det ikkje tilbake?



Kyrkjeverja vrir seg i stolen og har det ikkje godt. Han skulle så gjerne sagt at spiret er på veg opp att – men veit ikkje om han kan lova det. Som alltid: det handlar om pengar.

Du ser: spiret var rusta skvær av inne på braketten der det var festa, inne i tårnet.

No hang det og slong i vinden, før me tok det ned. For å få tredd det ned på plass att med ny brakett og påsveist den nødvendige forsterkinga, må me truleg demontera alle hellene på tårnet. Det betyr stillas i store høgder, og ein krevjande jobb. Det vil heilt sikkert kosta meir enn me anar.

Førebels har det ikkje blitt laga eit prosjekt med utlysing av dette arbeidet, vona er at me hadde fått ein briljant ide som kunne løyst dette utan å måtta ta av alle hellene. Så her kjem dagens utfordring: er det nokon av kyrkjebladet sine lesarar som ser lyset, og har ein god ide til korleis dette kan gjerast, så tek kyrkjeverje med glede imot!

Og ikkje minst: takk til dei i Ålvik som har bidrege med pengar til dette prosjektet allereie. Det gjev inspirasjon og pågangsmot til å halda fram med å finna gode løysingar.

Dugande dugnadsfolk

Sol og vind gjer si gjerning, dag og natt. Våre mange bygg får juling av vergudane 24/7, og vedlikehaldstrongen er evig. Då er det godt når praktiske, nevenyttige og velvillige sjeler kjem og tilbyr sine tenester!

I Ålvik er den nye kyrkja brått blitt 65 år, og har definitivt trong for litt omtanke og tilsyn. Arvid Auganæs i soknerådet har kasta sine augo på glasrekkene på sørsida – dei burde absolutt hatt eit strøk eller tre med olje.

Mannen let handling fylgja tanke, og saman med stillaseigar og pensjonert prest Brigt-Sigve Skeie har dei sytt for at me kan gå vinteren trygt i møte kva angår malingslitne vindaugo. Vel er det mangt og mykje som ropar på meir vedlikehald på den vakre kyrkja lengst nord i heradet vårt – men dette gjorde utruleg godt! Takk, karar!





POMPEL OG PILT

Dei syslar med tal og dei syslar med ord
og vert ofte forveksla med kvarandre,
to snauskallar ruslande i kyrkja sin korridor
og har berre godt å å seia om den andre.

No vandrar dei begge vidare i sine liv,
dei ruslar ut døra ganske stilt.
For livet er så kort, berre som pust i siv
tenkjer dei begge, - både Pompel og Pilt.

18 år i fengsel - med nøkkel!

Ragnar Tesdal er namnet han ber – men han er kanskje vel så kjend som fengselspresten Raggen.

Komponist, songforfattar, fengselsprest – han har mange titlar. I haust var han på vitjing i Norheimsund kyrkje, etter invitasjon frå kulturkomiteen til soknerådet.

Raggen har lengst fartstid som fengselsprest, og fortalde levande frå si tid både på fangeøya Ulvsnesøy i Osterfjorden, til møte med menneske i Bergen kretsfengsel. Han var ein av få, forutan dei tilsette, som hadde nøkkel og kunne koma og gå når det passa best.

Han fortalde om kontakten han fekk med mennesker som kanskje ikkje hadde trukke det beste loddet i livet, mange unge som hadde havna på kant med lova, og som Ragnar fekk læra å kjenna, og hjelpa ei lita stund. Møter som vart igjen i hjarta hans, med mennesker han resten av livet kunne undra på korleis det hadde gått med. Somme hadde han heldigvis fått kontakt med mange år etter, og fått vita at det hadde gått bra med til slutt.

Men også møter med vaksne i fengselet, som vart uskuldig dømde, seinare frikjend, men merka for livet. Mange sterke møter som sette sterke spor.

Om kvelden fortalte han konfirmantane om sin eigen trushistorie, korleis han gjekk frå ung gut utan røter, til å finna sin veg etter å ha blitt vist tillit i kyrkjelyden. Han hadde også gode råd til konfirmantforeldra, om å vera tydeleg på verdiar og gje dei ein fast og trygg base.

Takk til kulturkomiteen for stadig påfyll av gode møte med menneske som har noko å læra oss.



Ragnar Tesdal og Åshild Bøe spelte og song på føremiddagstreffet i Norheimsund kyrkje.

Kyrkjeportane i Vikøy

«Den nye kyrkjegardsmuren med dei nye og fine portstolpane var det ei gleda å sjå kvar gong ein gjekk framom kyrkja. Her må det både portar og lykter til om totalbiletet skal verta fullkome.»

Slik uttrykte Soknerådet seg etter at kyrkjegarden i Vikøy var utvida og omkransa av nye murar tidleg i 1950-åra. Stein var frakta med skøyte frå Steinstøberget, hogne til på staden og mura av dyktige handverkarar.

Jubileumsboka til 150-årsjubileet for Vikøy kyrkje (1989) fortel vidare: «Portar og lykter vart teikna og laga av Alfred Aa, og i 1955 var dei på plass. Det var tydeleg for dei fleste at Alfred Aa hadde hatt sjølve kyrkjehuset til grunnlag for utforminga. Kyrkjeport og kyrkjelykter førte inn til eit kyrkjehus som dei stilfullt var eitt med.»

Vi som var smågutar då far la arbeidsteikningane i full storleik på golvet i smia, set stor pris på at portane og lyktene meir enn 70 år seinare framleis er velhaldne, fungerer som dei skal og gjer totalbiletet fullkome.

Rolf Kristian og Steinar Aa


Inngang frå aust. Foto: Alfred Aa.





Skal me vera vener?

Den aldrande trubaduren Bjarte Leithaug spør, og hundretals strupar ropar eit unisont: JA!
Me er på Vennefest i Norheimsund kyrkje – og me er slett ikkje åleine.

- Det ser stussleg ut med påmelding i år, Olav, seier Solveig, kyrkjelydsppedagogen vår, i forbifarten ute i gangen på kyrkjekontoret. - Kun 35 påmelde så langt. - Men Vennefest blir det, legg ho til - Alt er klart!

Og så byrja det å tikka inn. Då påmeldingfristen gjekk ut, var det 80 påmelde, og då Bjarte Leithaug drog i gang sin vesle konsert laurdag kveld, var 130 barn samla til årets store happening: ein fest der du kan kle deg ut som du vil, der du kan leika med det du har lyst til, der du kan eta bollar og kake så mykje du vil,- og der kyrkja er eit myldrande hav av glade born og vaksne.

I ei tid då Halloween bombar oss med all sin amerikanske ståhei, er det godt å laga ei sunn motvekt. Litt skumle kostymer var det nok her og der i kyrkja også – men det lever ein godt med.

Lenge leve Vennefest!



Kor høgt blir øskje-tårnet? Tommy og Emilio beundrar tårnet til Sveinung. Foto: N. R. Markhus



Bjarte Leithaug med koret Shine. Foto: N. R. Markhus



Frå venstre Frida, Sofie, Joris, Hanna, Lucy og Alma. Foto: N. R. Markhus




Elisabeth og Mariell kosar seg med snop. Foto: N.R. Markhus

Barnas

Kryssord

Bruk Det nye testamentet i Bibelen for å komme fram til løysingsordet. Gå inn på **bibel.no** om du ikkje har boka.



Vits:

Kva seier snømannen når det blir varmt? – No renn det heilt over for meg!

Gi bladet Barnas til eit barn du er glad i!

Disse oppgåvane er henta frå bladet.

Bestill abonnement på sondagsskolen.no eller 22 08 71 00




Finn 5 feil

Vismennene følgde stjerna for å finne Jesusbarnet. Dei to bilda er nesten helt like, men kan du finne dei fem feila på bildet til høgre?

Teikning: CHIARA BERTELLI



Fargelegg



Teikning: CHIARA BERTELLI

Labyrint


Kan du hjelpe Maria og Josef å finne vegen til stallen?



Søndagsskolen – *mer enn du tror*

Småplukk frå fellesrådet sitt indre liv:

• Kyrkjeverja har forska litt på korleis dei ulike kommunar i vårt prosti handsamar fellesråda sine. Eg har henta tal frå kyrkje-overføringar frå 5 ulike kommunar, og delt på kor mange innbyggjarar den enkelte kommune har. Statistikk er farlege greier, og kan innehalda feilkjelder, - men hovudinntrykket lyg ikkje: det er svært stor skilnad på kommunane. Eidfjord står jo som alltid i ein særstilling, medan Kvam kjem dårleg godt ut, samanlikna med dei andre kommunane. Hadde Kvam vore på nivå med Ullensvang, hadde alle vore økonomiske sorger vore sløkte. Til ettertanke.



• Sokneprest Vetle Karlsen Eide har sagt opp si stilling frå og med 1. januar 2027. Han vil verta sakna! Bispedømerådet er i gang med utlysingsprosess. All erfaring tilseier at dette kjem til å ta noko tid. I mellomtida er evigunge Roar Strømme engasjert i 70% stilling i tidsrommet jan -mars 2027. Me har også fått lovnad om at dei resterande 30% av stillinga vil kunna nyttast til konf.arbeid, og har engasjert Julie Haaberg i eit kortvarig vikariat til dette.

• Kantor Ulf Krupka har søkt fellesrådet om å få gå ned i stilling når han neste år rundar 65, og halda fram med å spela. Men: han søkjer om å få komprimera denne restarbeidstida til å vera organist berre i sommarhalvåret, og vera fpå reisefot vinterhalvåret.

• Soknerådet i Ålvik har hatt gode tankar om å skifta ut takrenner på kyrkja. Dei som heng der i dag, har runda 65 år og lek som kiper. Tanken var å skifta dei ut med aluminiumsrenner, og behalda rennekrokar og skvettsink. Arbeidet har treft på kvist: rennekrokane og skvettsinken er av kopar, og kjemien mellom kopar og alumnium er dårleg, for å seia det forsiktig. Koparen vil straks byrja etsa sund aluminiumen. Nye koparrenner vil vera absolutt det beste – men det kostar fort eit sekssifra beløp. Som med nesten alt anna: saka er sett på vent.

• Kyrkjeklokkene i Øystese, «Mari» og «Larre», har utfordringar i samlivet. Nett no er det kun liv i Mari. Larre har tagna – slik mannfolk ofte gjer når motgangen melder seg. Det handlar om utsliten styringsmekanikk. Lokale heltar både i og utanfor kyrkje er sett på saka – og kanskje kan Larre kveikjast til liv att? Eit komplett nytt styringssystem kjem fort på 250 000,- Lat oss kryssa fingrar for at hendige kvemmingar kan få liv i gubben att! Og for å strø ytterlegare salt i såret i det økonomiske såret for fellesrådet: styringssystema for klokkeringing er like gammalt i dei fleste av kyrkjene våre.



• Ny varmestyring er no montert i alle kyrkjer. Dette var ikkje eit spørsmål om me hadde råd eller lyst – det gamle systemet gjekk på 2G-nettet, som held på å bli fasa ut. No er me skodd for framtida på varmestyring. Det er mangt som kunne seiast om måten me varmar opp kyrkjer på – men det er eit anna kapittel.

• Andelen som velgjer kremasjon, har runda 40% for inneverande år. Dette har stor innverknad på arbeidsmengd på kyrkjegarden, og fell godt saman med at talet på kyrkjegardsarbeidarar er redusert med 50%. Ingenting tydar på at denne utviklinga vil snu.

Søkjarliste til stillinga som kyrkjeverje

Det har meldt seg tre aøkjarar til stillinga som kyrkjeverje i Kvam, då søknadsfristen gjekk ut 30. oktober. Ein av dei ynskjer ikkje at namnet skal verta offentleg kjent. Dei to andre er Jan Are Kvammen frå Granvin, og Franckie Mario Andrianaivo frå Kvam. Jan Are arbeider i dag i kyrkja på Voss som kyrkjegardsarbeidar, og Franckie er tilsett i kyrkja i Kvam som kyrkjetenar.

Ei nemnd på tre frå fellesrådet, - leiar Kjell Dysvik, nestleiar Astrid Helleve Fylkesnes og geistleg representant Vetle Karlsen Eide, - skal stå for intervju og innstilling, og så vert ny kyrkjeverje tilsett i plenum hos fellesrådet. Innstillingsutvalet avgjer også korvidt den eine søkjaren skal få vera anonym.



Kven får denne utsikta som kyrkjeverje neste år?

«Kvam gravferd» – eit nytt gravferdsbyrå i bygda vår

Lenge har Hardanger og Kvinnherad gravferdsbyrået vore det einaste lokale tilbodet i Kvam, når ein treng til slik hjelp. Det er ikkje lenger tilfelle – no har «Kvam gravferd» sett dagens ljos.

Ekteparet Birgitte og Jostein Bjørnevik er det som står bak nyskapinga. Dei har begge røynsle frå nettopp Hardanger og Kvinnherad gravferdsbyrå, før dei no altså tek spranget ut i det ukjende, og satsar for seg sjølve.

Kyrkjebladet tok ein tur innom dei nyetablerte i deira nye lokale i Norheimsund. Mellom gravsteinar og kistemodellar finn me plass til ein prat.

- Med bustad på Varaldsøy, og så satsar de på å driva gravferdsbyrå i Kvam? Er ikkje det litt tungvint?
- Jostein og Birgitte ser på einannan, vel vitande om at spørsmålet ville koma:
- Tvert imot, smiler Birgitte. – Me opplever at det er ein sunn og god distanse, i denne typen arbeid.

Gjennom desse åra i Hardanger og Kvinnherad gravferdsbyrå har me sett at dette går an å få til, reint praktisk. Med god planlegging og ei ferje som stort sett alltid går – bank i bordet! – så trur me på at dette får me til. På Varaldsøy og i nabokommunane har me etablert oss som «Bjørnevik Gravferd» - men det er oss to, det også.

- Men de har begge arbeid utanom også?
- Jadå, seier Jostein. - Me arbeider i psykiatrien på Voss og på Varaldsøy, med sånn leve-med-turnus. Det gjev rom for anna arbeid i lange periodar – og då fekk me veldig lyst å satsa for oss sjølve.

Me har arbeidd med gravferder og pårørande i Kvam i mange år, og føler at me er komne på innsida av både folket – og ikkje minst kyrkja, som me har fått eit godt forhold til. Det var her me ville satsa. Og me har fått ein veldig god avtale med Bonderosen, som vil levera blomar til alle gravferder for oss - lokal



handel er alltid bra.

- Og synlege blir de, midt i handlegata Norheimsund?
- Birgitte nikkar: - Me ynskte å vera synlege i gatebiletet, ja. Her vil me ha kontor, her vil me utstilling av diverse utstyr som pårørande kan velja mellom, og her vil også gravstein-leverandøran Eikner ha utstilling av gravsteinar i same lokalet.


- De vil arbeida i lag som ektepar?
- Begge nikkar ivrig: - Det har me opplevd som veldig gjevande i dei åra me har halde på! Me opplever at me utfyller kvarandre, og i krevjande saker så er me kvarandre sin beste kollega å snakka ut med, og få lov til å debrifa på.

Me opplever dette som eit stort pluss, - og vonlegvis kan det også føra til endå betre samtalar og hjelp ovafor pårørande, dette at me er både kvinne og mann, samt at me er samansveiste kollegaer.
- Nye tider og nye graferdsskikkar som trengjer seg på?
- Sånn er det, seier Birgitte. - Me ser det på mange frontar: fordelinga mellom kistegravferd og bisetjing er i ferd med å endra seg i favør av fleire og fleire som velgjer urner. Gravferd for urne, der kremasjonen kjem først og seremonien kjem etterpå, har me også stadig fleire av. Og ikkje minst ser me endringar i at fleire og fleire velgjer seremoni utan offentleggjering på førehand.

- Og i musikkvalet, skyt Jostein inn. – Mange har ynskje om å høyra songar og musikk som dei har høyrt på Spotify, og tek for gjeve at organistar kan spela det meste. Og det kan dei faktisk!

Kvam er priviligerte med dyktige organistar, seier han – og legg til: - Me synes også det er vakkert at me kan halda på den levande musikken i gravferder, så lenge me kan.

- Kyrkjebladet ynskjer lukke til for den nystarta verksemda, - og ser også fram til godt samarbeid i åra som kjem.



Misjonær i Norheimsund? Kanskje er det det eg er?

Franckie Andrianaivo frå Madagaskar er kyrkjetenar i Norheimsund. Han lurer på om han er misjonær?
- Eg er litt usikker på hva som er den rette namnet, smiler Franckie. Det er Gud som har kalla meg til å vera her i denne kyrkjelyden. Eg dreg der Gud kallar meg, så kanskje er eg misjonær, undrar 38-åringen.

Viss me skal halda oss til misjonærtittelen, vil nok Franckie kunna kallast for langtidsmisjonær. Han kom til Hardanger i 2019 og har altså vore her i sju år. Denne sundagen er han kyrkjetenar i Vikøy kyrkje.
Franckie Andrianaivo er ikkje den einaste gassaren i kyrkjestaben i Kvam. Mampion Andriamandimby er kateket for heile Kvam. Kanskje ikkje heilt overraskande, så er ho kona til Franckie.

- Det var gjennom kona mi at me kom til Noreg. Systera til Mampion var elev på Hald Internasjonale Skole. Det førte til ei sterk Noregs-interesse i familien. Etter mykje fram og tilbake, med opphald på Madagaskar, norsk folkehøgskule, studiar i Bergen og mykje anna, enda me altså her, seier Franckie som har det travelt denne sundagen.

Når ei nesten fullsett Vikøy kyrkje går til nattverd, er det ein del ekstraarbeid for kyrkjetenaren. I tillegg er det utandørs kyrkjekaffi, noko som heller ikke skjer kvar sundag. Men før han forlet kyrkjerommet, er han nøye på å sjekka at ingen uvedkommande er inne. Nattverdsutstyret er så verdifullt at Franckie er nøye med at ingen skal stikke av med det!

«Misjonærekteparet» fra Madagaskar har altså begge kyrkjelege stillingar. Det er jo ein kombinasjon som ikkje er ukjent for norske misjonærar i uteteneste. I motsetning til det mest vanlege for norske par, er det Mampion som har den utadvendte stillinga. Som kateket er det mange i bygda som kjenner henne. Ho har ansvar for konfirmantundervisning og fleire andre oppgåver innan trusopplæring. Difor er ho eit velkjent ansikt for både born, ungdom og vaksne

- Eg gjer mine oppgåver meir i det skjulte. Dei fleste tenkjer ikkje på det som kyrkjetenaren har gjort og gjer i ei gudsteneste og i kyrkjene gjennom uka. Men det er helt fint, eg tener Gud på denne måten, seier Franckie.
- Kva er den største skilnaden mellom ei norsk gudsteneste og dei du feira på Madagaskar?

– Det er talet på folk. I vår målestokk er det ganske mange på dagens gudsteneste her i Vikøy, men når eg samanliknar med det eg kjenner frå Antsirabe, så er dette få. Der var det



Mampion og Franckie. Foto: Privat

fleire tusen som kom til gudsteneste kvar sundag. For at alle skulle få plass, vart det arrangert tre gudstenester kvar sundag.
- Slikt opplever me ikkje i Noreg. Er det den einaste skilnaden?
- Nei, mykje anna er også forskjellig. På Madagaskar varte gudstenesta minst to timer, ofte opp mot tre.

- Det med misjonærar frå andre land til Noreg er jo ein spennande tanke, seier Franckie.. Eg ser på meg sjølv som ein utsending. Kona mi og eg tenkjer på at me skal vera i Guds plan med våre liv. Nett no trur me at Gud ynskjer at me skal være her i Kvam.

Og som lesarar av kyrkjebladet veit, har Kvam sine 4 sokn nettopp inngått misjonsavtale med NMS, Det norske Misjonsselskap. Det skulle vel ikkje overraska nokon at det landet som disse kyrkjelydane støttar, - er Madagaskar.

Fekk du ikkje kjøpt jubileumsboka?

Fortvil ikkje, boka på over 140 sider, spekka med bygdehistorie, ja, for det er mykje grunna kyrkja sine gamle bøker, at ein har så mykje kunnskap om folk og fe frå gamle tider. Her er mange gamle, gode historiar i jubileumsboka, til sals for kr. 300,-. Du kan kjøpa den på Strandebarm Coop, eller ta kontakt med kyrkjekontoret på telefon 47483120 eller på e-post: post.kvam@kyrkja.no, så kan me senda i posten.



GUDSTENESTER I SOKNA

29. november
Øystese kyrkje kl. 11.00
Adventsgudsteneste

Lysmesser 29. november

Norheimsund kyrkje kl. 16.00

Ålvik kyrkje kl. 17.00

13. desember
Norheimsund kyrkje kl. 11.00

Lysmesse 13. desember
Strandebarm kyrkje kl. 17.00

20. desember
Vikøy kyrkje kl. 11.00
Adventsgudsteneste

Julaftangudstenester 24. des.
Ålvik kyrkje kl. 14.00

Norheimsund kyrkje kl. 14.00

Strandebarm kyrkje kl. 16.00

Øystese kyrkje kl. 16.00

Høgtidsgudsteneste 25. desember
Norheimsund kyrkje kl. 12.00

Nyttårsgudsteneste 1. januar
Øysteste kyrkje kl. 12.00

3. januar
Norheimsund kyrkje kl. 11.00

Ålvik kyrkje kl. 17.00
Forenkla gudsteneste med julefest

10. januar
Strandebarm kyrkje kl. 11.00

Øystese kyrkje kl. 11.00

17. januar
Norheimsund kyrkje kl. 11.00

24. januar
Øystese kyrkje kl. 11.00

31. januar
Norheimsund kyrkje kl. 11.00

Strandebarm kyrkje kl. 17.00

7. februar
Norheimsund kyrkje kl. 16.00
Fastelavngudsteneste saman med kyrkje-klubben

Askeonsdag 10. februar
Vikøy kyrkje kl. 19.00

Ålvik kyrkje kl. 19.00

21. februar
Strandebarm kyrkje kl. 11.00

Ålvik kyrkje kl. 11.00

Øysteste kyrkje kl. 15.30
Dåpsgudsteneste

Øystese kyrkje kl. 17.00
Fastegudsteneste

28. februar
Norheimsund kyrkje 11.00

7. mars
Øystese kyrkje kl. 11.00

14. mars
Strandebarm kyrkje kl. 11.00

Norheimsund kyrkje kl. 17.00

21. mars
Øystese kyrkje kl. 11.00

NB! Det kan koma endringar. Sjå lysing i HF eller nettsida www.kyrkja.no/kvam

FRÅ KYRKJEBØKENE

Dåp

Øystese sokn
Tuva Kvandal Kristensen
Theodor Lutdal Gjøn
Nora Haltvik Handegard
Joar Skjervheim Mo
Athea Rykkje Shehu

Vikøy sokn
Johannes Soldal
Henrik Buene Flakke

Ålvik sokn
Liv Simmenes Haaheim
Noah Torvund Mo

Strandebarm sokn
Birk Eknes

Gravferd

Øystese sokn
Arne A. Øystese
Eirik Underhaug
Harald Johan Henriksen
Sigurd Åge Dahl
Arne J. Mo

Vikøy sokn
Kjell Neteland
Bjørg Norheim
Leikny Hesthammer
Sondre Vikøy
Arne Hjalmar Fossåen
Helga Valland Mo

Ålvik sokn
Kjell Jensen
Hildegunn Fosse Høydahl

Strandebarm sokn
Hilda Kvåle

Vigde

Øystese sokn
Guro Tolo og Jasper Demulder

Strandebarm sokn
Natalie Ersland og Sander Stavland (Hardingasete)

Halleluja til jul!

«Sjunge skal et jubelkor…!» - står det i ein gammal svensk salme. I år vert det definitivt jubel i kyrkja på 1. juledag. Kantor Ulf Krupka og dirigent Olav Skeie Lid har eit hårete mål: å framføra Handels Messias sitt Halleluja-kor som postludium den dagen.

12 utvalde songarar er hanka inn, notar er skaffa til veges, og kremting og finpuss av stemma er i gang. Dette kan fort bli ein fin oppleving for deg som er glad i korsong. Herved anbefalt!





90.000 barn i Norge vokser opp i hjem med rus. Med din støtte kan vi hjelpe flere familier som strever!

Gjør barnas hverdag litt lysere.

Gi din gave på **Vipps 936679**

Blå Kors

Treng du nokon å snakke med?

Ring eller skriv. Vi er her. Alltid.



22 40 00 40
soschat.no

KIRKENS SOS

EXTRA
Gjør det billig!
EXTRA ØYSTESE
Sjusetevegen 5
56 55 03 60
Åpningstider: 07-23 (08-21)

coop byggmix
Din lokale faghandel
COOP BYGGMIX ØYSTESE
Sjusetevegen 5
56 30 85 72
Åpningstider: 08-18 (09-16)

KUNST STELL
EIKNER NATURSTEIN
GRAVSTEINAR
- OPPUSSING
- NAMNETILFØRING
- SAL AV GRAVMINNE
- GRAVSTELL

456 62 074
kunststell@gmail.com

Hardanger og Kvinnherad
GRAVFERDSBYRÅ
I livets vanskelegaste augeblikk er me her for deg
Døgnope vakttelefon 56 55 82 90
Blomebestilling 56 55 10 55

Din lokale bilforhandlar

Tlf 56550455

Toyota Norheimsund AS

COOP PRIX STRANDEBARM
Tangeråshagen 5
56 55 94 10
Åpningstider: 07 - 22 (08-21)

coop prix

COOP PRIX NORHEIMSUND
Grova 16
56 55 37 60
Åpningstider: 08 - 22 (08-21)

Gravminner

- spør våre lokale samarbeidspartnere

Strandebarm og Mundheim:
L.M. Fosse — Leiv Magnar Fosse
tlf. 406 11 817 • leivmagnarfosse@gmail.com

Ålvik, Øystese, Vikøy og Tørvikbygd:
KUNST STELL — Arvid Strømme og Hildegunn Strømme
tlf. 995 97 848 • kunststell@gmail.com

EIKNER NATURSTEIN
www.eikner.no

Eikner Naturstein AS
Ulsmågveien 27
5224 NESTTUN
Tlf. 55 98 70 00
firmapost@eikner.no

TRANSPORT | KRANARBEID | MASKINTRANSPORT
CONTAINERUTLEIGE | SAL AV FÔR, SINGEL OG SAND



JAN MO A.S

Øystese | 56 55 59 22 | janmo.no

Montér
Kvam
info@monterkvam.no TLF 56904089

GULE'S

Gule's Landbruk har eit breitt sortiment av reiskap for jordbrukar, entreprenørar og kommunar.

Firmapost@gules.no

Hardangerfjordvegen 569, 5610 Øystese. Tlf 56 55 53 19

Øystese Elektriske AS

DIN LOKALE ELEKTRIKAR
- brei erfaring innan bustad, industri og landbruk

Installasjon og service av:
- Sterk- og svakstraum
- Tele og datanettverk
- ENØK og smarthusløysingar
- Varmepumper

Tlf: 56 55 04 40 · www.oelas.no

JOHAN SKEIE AS
GRAVING • BETONG • BRØYTING

Du når oss på tlf 915 45 745

optikk Bjelland

Briller - kontaktlinser - ur
www.optikar-bjelland.no tlf.: 56 55 20 50

HARDANGER BYGGSENTER
www.hardangerbyggsenter.no
BYGGtorget MESTERHUS – det blir som avtalt



KVAM KRAFTVERK

Ein ny bank du allereie kjenner

No er me Sparebanken Norge. Me er framleis dei same lokale folka med det same lokale engasjementet.

Ope 10.00–15.00

Sparebanken Norge
sbnorge.no

Avsendar:
Kyrkjeblad for Kvam
Postboks 39
5601 Norheimsund

Julekonsertar i kyrkjene i Kvam 2026

Laurdag 28. nov kl 17.00
Strandebarm kyrkje
Vokalensemblet «Tabula Rasa» ,
med konserten «Snøroser»

Laurdag 28. nov kl 20.00
Norheimsund kyrkje
Vokalensemblet «Tabula Rasa»,
med konserten «Snøroser»

Laurdag 5. des kl 19.00
Norheimsund kyrkje
Hans Inge Fagervik med band

Sundag 6. des kl 18.00
Norheimsund kyrkje
Norheimsund musikklag/
Norheimsund skulemusikklag
– og Nancy Sangolt

Fredag 11. des kl 19.00
Norheimsund kyrkje
Mannskoret Laudamus m/ gjester

Sundag 13. des kl 17.00 og kl 19.30
Norheimsund kyrkje
Damekoret FRYD, mannskoret GAMAN m.fl.
«Sæle jolekveld»

Måndag 14. des kl 18.00
Øystese kyrkje
Øystese barnekor: Luciakonsert

Tysdag 15. des kl 18.00
Ålvik kyrkje
Kor i Alle Dagar og Ålvik musikklag

Onsdag 16. des kl 18.00
Øystese kyrkje
Øystese musikklag/Øystese
skulemusikklag

Fredag 18. des kl 18.00
Strandebarm kyrkje
Vidar Sangolt m/ musikalske vener:
«Hardangerjul»

Sundag 20. des kl 18.00
Øystese kyrkje
Vidar Sangolt m/ musikalske vener:
«Hardangerjul»

Sundag 20. des kl 18.00
Strandebarm kyrkje
Strandebarm songlag m/ gjester

Sundag 20. des kl 17.00
Ålvik kyrkje
Harald Kjosås m/ hjelparar
«Me syng jula inn»

Onsdag 23. des kl. 21.00
Øystese kyrkje
Kvammakoret syng jula inn